

Vedtekter for Studenttinget på Vestlandet



Dokumentet	Vedtekter
Opprinnelse	ST-1/17
Versjon	8.0
Endret	ST-2/23
Implementert 30.03.2023	Ruth Emilie Skjærvik Nygård (AU)

1 Kapittel 1 - Generelle føresegner

2 §1-1 Namn

3 Organisasjonen sitt namn er Studenttinget på Vestlandet, forkorta STVL. I desse vedtekter
4 forståast Studenttinget som Studenttinget på Vestlandet.

5 §1-2 Føremål

6 Studenttinget er det øvste studentorganet ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), og er ein
7 partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. Studenttinget jobbar for at studentane ved
8 Høgskulen på Vestlandet skal ha ei god studietid, og skal ivareta studentane sine interesser.
9 Studenttinget skal sikra studentar rett til å påverke og rett til å ta del i avgjersler i saker som
10 gjeld studentane ved Høgskulen på Vestlandet. Dei skal følgja opp initiativ frå studentane, og
11 vera studentane sitt talerøyr lokalt og nasjonalt.

12 §1-3 Definisjonar

13 §1-3.1 Student

14 Med student forståast ein person som er teken opp til eit studieprogram eller emne ved
15 Høgskulen på Vestlandet.

16 §1-3.2 Rollar i Studenttinget:

- 17 (1) Med fast representant i Studenttinget forståast ein student som er valt som representant frå
18 ein region i samsvar med Valreglement for Studenttinget.
- 19 (2) Med vararepresentant i Studenttinget forståast ein student som er valt som avløyser for
20 faste representantar i Studenttinget i samsvar med Valreglement for Studenttinget.
- 21 (3) Med medlem i arbeidsutvalet til Studenttinget forståast ein student som er valt som medlem
22 i arbeidsutvalet av Studenttinget i samsvar med Valreglement for Studenttinget. Medlemar i
23 arbeidsutvalget treng ikkje vere studentar gjennom heile valperioden.
- 24 (4) Med kontrollkomité forståast ein komité beståande av tre medlemar og tre varamedlemar,
25 som har i hovudoppgåve å sjå til at møteverksemda vert utført i tråd med gjeldande
26 styringsdokument.

27 §1-3.3 Studenttingsmøte:

- 28 (1) Studenttingsmøte forståast som ei møtande forsamling i tråd med gjeldande føresegner for

- 29 møte, innkalling og samansetting.
- 30 (2) Med representant i Studenttinget forståast ein student som er valt som fast representant i
31 Studenttinget i samsvar med Valreglement for Studenttinget. Ein vararepresentant som
32 møter som avløysar for ein fast representant, forståast som representant ved det enkelte
33 studenttingsmøtet. Representantane sine rettar på møtet er regulert i vedtektene.
- 34 (3) Vara kan berre avløyse faste representantar frå sin eigen valkrins. Dersom eit campus er
35 representert med mindre enn to representantar på eit møte, skal fortrinnsvis vara frå den
36 gjeldande campusen tre inn som avløysar på det enkelte møtet.
- 37 (4) Med medlem i arbeidsutvalet til Studenttinget forståast ein student som er valt som medlem
38 i arbeidsutvalet av Studenttinget i samsvar med Valreglement for Studenttinget. Medlemar i
39 arbeidsutvalet treng ikkje vere studentar gjennom heile valperioden. Rettane til medlemar i
40 arbeidsutvalet er regulert i vedtektene.
- 41 (5) Med møtesekretariat forståast ordstyrar og protokollførar som bistår Studenttinget med
42 gjennomføring av møtet. Møtesekretariatet vert valt under konstitueringa av møtet.
43 Studenttingsmøtet vel sjølv mengd ordstyrarar og protokollførarar for det enkelte
44 studenttingsmøtet.
- 45 (6) Med fast observatør forståast personar som ikkje er ein del av Studenttinget, men som fast
46 mottek innkalling og protokoll frå møta. Studenttinget har følgjande faste observatørar:
- 47 • Faste studentrepresentantar i Høgskulestyret ved Høgskulen på Vestlandet.
- 48 (7) Med kontrollkomité på studenttingsmøtet forståast ein komité samansett av inntil tre
49 personar som har i hovudoppgåve å sjå til at møteverksemda vert utført i tråd med gjeldande
50 styringsdokument.

51 §1-3.4 Fleirtalsdefinisjonar:

- 52 (1) Simpelt fleirtal: Fleire av dei representantane som er til stades stemmer for enn mot,
53 avhaldne stemmer tel ikkje.
- 54 (2) Alminneleg fleirtal: Meir enn halvparten av dei representantane som er til stades stemmer
55 for.
- 56 (3) Kvalifisert fleirtal: Minimum to tredjedelar av dei representantane som er til stades stemmer
57 for
- 58 (4) Alle vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal, med mindre anna er bestemt.

59 §1-3.5 Regionar:

60 I desse vedtekter er studentane ved Høgskulen på Vestlandet delt inn tre regionar; campus
61 Sogndal og campus Førde utgjer region Nord, campus Bergen utgjer region Midt, og campus
62 Stord og campus Haugesund utgjer region Sør.

63 §1-3.6 Medlemar

64 Alle studentar ved Høgskulen på Vestlandet kan vere medlem i Studenttinget på Vestlandet.

65 §1-3.7 Organisasjonsform

66 Studenttinget på Vestlandet er eit eige rettssubjekt, og er oppretta etter Lov om
67 universiteter og høyskoler § 4-1.

68 **Kapittel 2 - Samansetting og rettar**

69 *§2-1 Samansetting*

70 (1) Studenttinget i sin heilskap er samansett av 20 faste representantar, inntil 32
71 vararepresentantar, eit arbeidsutval beståande av 7 medleamar, og ein kontrollkomité
72 beståande av tre medleamar samt tilhøyrande varaer.

73 (2) Studenttingsmøtet i sin heilskap er samansett av 20 representantar, eit arbeidsutval
74 beståande av 7 medleamar, eit møtesekretariat og ein kontrollkomité.

75 *§2-2 Representantfordeling*

76 Representantar i Studenttinget skal veljast i tre valkrinsar, ein valkrins frå kvar region.
77 Representantar er fordelt etter følgjande nøkkel: 25% frå region Nord, 50% frå region Midt
78 og 25% frå region Sør.

79 *§2-3 Møteplikt og møterett*

80 Faste representantar, arbeidsutvalet til Studenttinget og kontrollkomitéen har møteplikt på
81 alle studenttingsmøte. Faste observatørar har møterett på studenttingsmøte. Personar med
82 møteplikt og/eller møterett har dei same økonomiske rettane knytt til reisekostnadar.
83 Arbeidsutvalet har fullmakt til å gje personar møterett til enkelte studenttingsmøte.

84 *§2-4 Røyste-, tale- og forslagsrett*

85 (1) Representantar i Studenttinget har røyste-, tale- og forslagsrett i Studenttinget.
86 Arbeidsutvalet til Studenttinget, møtesekretariatet, vararepresentantar og kontrollkomitéen
87 har tale- og forslagsrett. Studentrepresentantar frå Høgskulestyret ved Høgskulen på
88 Vestlandet har talerett.

89 (2) Innvilga tale- og forslagsrett:

90 Alle som er til stades på møtet har rett til å be om talerett og/eller forslagsrett i enkeltsaker,
91 fleire saker eller til heile møtet. Studenttinget kan innvilga tale- og/eller forslagsrett i
92 enkeltsaker, fleire saker, eller til heile møtet gjennom simpelt fleirtal.

93 *§2-5 Eigarskap*

94 Studenttinget på Vestlandet er sjølv eigande, og ingen kan i kraft av eigarposisjon disponere
95 over dets formue, samt hefte for dets gjeld.

96 **Kapittel 3 - Organ knytt til Studenttinget**

97 *§3-1 Arbeidsutvalet til Studenttinget*

98 (1) Samansetting:

99 Studenttinget skal ha eit arbeidsutval samansett av éin leiar og seks øvrige medleamar. Eitt
100 medlem skal verte internkonstituert som leiar sin avløyssar. Val til arbeidsutvalet er omtalt i
101 Valreglement for Studenttinget.

102 (2) Arbeidsutvalet sitt ansvar:

103 Arbeidsutvalet er det overordna organet mellom studenttingsmøta og skal iverksetja vedtak
104 fatta av Studenttinget. Arbeidsutvalet sitt ansvar er utdjupa i eige mandat for arbeidsutvalet.

105 *§3-2 Kontrollkomité*

106 (1) Samansetting:

107 Studenttinget skal ha ein kontrollkomité. Kontrollkomiteen skal vere samansett av tre

108 medlemar. Kontrollkomitéen skal ha tilsvarande mange nummererte varamedlemar.

109 Studenttingsmøtet skal velje settevaramedlemar for kontrollkomitéen for eit enkeltmøte ved

110 behov. Val til kontrollkomitéen er omtalt i Valreglement for Studenttinget.

111 (2) Ansvar:

112 Kontrollkomitéen si hovudoppgåve er å sikre at studenttingsmøte og møte i arbeidsutvalet

113 vert gjennomført i samsvar med gjeldande styringsdokument. Kontrollkomitéen skal motta

114 sakspapir og protokoll til møte i Studenttinget og arbeidsutvalet. Dersom det oppstår usemje

115 kring tolking av styringsdokument skal kontrollkomitéen si tolking leggjast til grunn.

116 Studenttinget kan overprøva kontrollkomitéen si tolking med kvalifisert fleirtal.

117 (3) Supplering av kontrollkomitéen kan ikkje gjennomførast av andre enn Studenttinget.

118 *§3-3 Innstillingskomité*

119 (1) Studenttinget skal ha ein innstillingskomité. Innstillingskomitéen si samansetting og deira

120 ansvarsområde er regulert av Valreglement for Studenttinget.

121 *§3-4 Tillitsvalt for representantar i Studenttinget.*

122 Studenttinget skal ha to tillitsvalte av ulikt kjønn blant dei faste representantane. Ansvaret til

123 tillitsvalte er regulert i eige mandat.

124 *§3-5 Eventuelle andre komitear og grupper*

125 Studenttinget har høve til å opprette andre komitear og grupper ved behov.

126 *Kapittel 4 Møteverksemd*

127 *§4-1 Ordinære møte*

128 (1) Studenttingsmøta vert haldne etter møteplan vedteken av arbeidsutvalget. Det skal

129 minimum haldast to møte i semesteret. Det fyrste møtet etter nyttår er konstituerande møte

130 og skal haldast seinast seks veker inn i det nye året.

131 (2) Minstekrav for at eit møte skal vere vedtaksfør

132 – Dei tre regionane må vere representert med minst 2 røysteføre representantar.

133 – Minst 2/3 av dei røysteføre må vere til stades.

134 – Kontrollkomitéen må vere til stades med minst 1 representant. Unntatt i saker omtalt i

135 §4-3 (4).

136 – Arbeidsutvalet må vere representert med minst to personar ved møtestart.

137 (3) Studenttingsmøte er opne for offentlegheita.

138 (4) Studenttingsmøte skal om praktisk mogleg strøymast.

139 *§4-2 Ekstraordinære møte*

140 (1) Det kallast inn til ekstraordinære møte dersom meir enn 50% av arbeidsutvalet til

141 Studenttinget, ein samrøysta kontrollkomité eller 25% av dei faste representantane i

142 Studenttinget krev dette. Kravet skal fremjast skriftleg til arbeidsutvalet og kontrollkomitéen.

143 (2) Innkalling til ekstraordinære møte skal følgje føresegnene for innkallingar, men treng ikkje

144 følgja vedteken møteplan.

145 (3) Ekstraordinært møte kan berre gjere vedtak eller utføre val i den enkelte saka som gjer det
146 naudsynt å kalle inn til møte. Unntaket er møtekonstituering.

147 §4-3 Lukka møte

148 (1) Studenttinget kan lukke møtet i enkeltsaker med alminneleg fleirtal.

149 (2) Mistillitssaker skal handsamast i lukka møte. Saken skal handsamast i eit ope møte dersom
150 personen eller personane det er reist mistillitssak mot samla krev det.

151 (3) I saker der møtet er lukka, er det berre representantar som har høve til å delta i møtet.
152 Møtet vel ordstyrar og protokollfører for lukka handsaming.

153 (4) I saker som omhandlar mistillit skal personen det er retta mistillit mot, og personen som
154 rettar mistillit, få høve til å avgje forklaring og svare på spørsmål knytt til saka. Anklagande
155 og anklagde part har rett til å vere til stades under behandlinga av saka.

156 (5) Studenttinget kan gje øvrige personar høve til å delta under lukka saker med kvalifisert
157 fleirtal.

158 §4-4 Innkalling

159 (1) Arbeidsutvalet ved leiar er ansvarleg for å kalle inn til studenttingsmøte etter vedteken
160 møteplan.

161 (2) Foreløpig innkalling skal sendast ut 3 veker (21 dagar) før studenttingsmøtet. Denne skal
162 innehalde førebels sakliste og påmeldingsinformasjon til det aktuelle møtet

163 (3) Endelig innkalling skal sendast ut 1 veke (7 dagar) før studenttingsmøtet. Sakspapir vert
164 sendt ut saman med endelig innkalling, seinast éi veke før studenttingsmøtet.

165 (4) Frist for å sende inn saker som skal innstillast av arbeidsutvalet er to uker (14 dagar) før det
166 aktuelle studenttingsmøtet. Resolusjonar kan fremmast til behandling etter fristen, og tas
167 opp utan innstilling. Eventuelsakar kan løftast under handsaming av sakliste på det aktuelle
168 møtet og setjast på saklista med alminneleg fleirtal. Det er ikkje høve til å gjere vedtak i
169 eventuelsakar.

170 (5) Resolusjonar og fråsegner kan fremjast av personar med forslagsrett, som sak til saklista.
171 Resolusjonar og fråsegner treng ikkje innstilling av arbeidsutvalet før vedtak. Det vert krevd
172 kvalifisert fleirtal for å handsame resolusjonar og fråsegner som vedtakssaker på det aktuelle
173 studenttingsmøtet.

174 (6) Arbeidsutvalet skal innstille i alle vedtakssaker. Dette gjeld ikkje ved val og mistillitssaker,
175 samt resolusjonar og fråsegner som ikkje er sendt til arbeidsutvalet innan fristen.

176 §4-5 Protokoll

177 (1) Det skal førast protokoll for studenttingsmøte. Protokollen er offentleg. Dersom møtet vert
178 lukka skal det førast ein B-protokoll for denne saka. Denne er unnateke offentlegheita og
179 gjerast berre tilgjengeleg for dei som var til stades under sakshandsaminga. Studenttinget
180 kan offentleggjere denne i etterkant av sakshandsaming med kvalifisert fleirtal.

181 (2) Protokollen er ikkje godkjend før minst to protokollunderskrivarar valt under
182 møtekonstituering på det aktuelle møtet har skrive under. Dersom protokollen ikkje er
183 godkjend innan neste møteinnkalling skal den leggjast fram som eigen vedtakssak i
184 påfølgjande møte og godkjennast av Studenttinget.

185 **Kapittel 5 - Styringsdokument**

186 *§5-1 Vedtekter*

187 Vedtektene er det overordna styringsdokumentet for Studenttinget og kan ikkje overprøvast
188 av Studenttinget. Dersom andre dokument kjem i strid med vedtektene skal føresegnene i
189 vedtektene følgjast.

190 *§5-2 Prinsippprogram*

191 (1) Studenttinget skal ha eit prinsippprogram som beskriv dei grunnleggjande politiske føringane
192 for organisasjonen. Prinsippprogrammet er overordna Studenttingets anna politikk.

193 (2) Prinsippprogrammet skal reviderast kvart tredje år, eller ved behov.

194 *§5-3 Politiske plattformer*

195 (1) Studenttinget kan vedta dei politiske plattformene som er naudsynt for å utfylle
196 Studenttingets politikk. Politiske plattformer utdjupar og definerer Studenttingets politikk på
197 avgrensa saksfelt.

198 (2) Politiske plattformer skal vere i tråd med prinsippprogrammet. Anna politiske dokument og
199 vedtak skal vere i tråd med dei politiske plattformene der slike finns.

200 (3) Om det er strid mellom standpunkt i dei politiske plattformene er det standpunktet i den sist
201 vedtekne plattforma som gjeld.

202 (4) Dei politiske plattformene skal tas opp til revidering kvart tredje år, eller ved behov.

203 *§5-4 Handlingsplan*

204 (1) Studenttinget skal vedta ein handlingsplan for kvar valperiode som regulerer det politiske og
205 organisatoriske arbeidet i organisasjonen.

206 (2) Handlingsplan skal vere i tråd med vedtektene, prinsippprogrammet og dei politiske
207 plattformane.

208 *§5-5 Samarbeidsavtale*

209 Arbeidsutvalet til Studenttinget er ansvarleg for at det ligg føre ein samarbeidsavtale mellom
210 Høgskulen på Vestlandet og Studenttinget. Studenttinget skal godkjenne forslag til
211 samarbeidsavtale før den signerer av leder.

212 *§5-6 Forretningsorden*

213 Studenttinget skal ha ein forretningsorden, som skal utfylle reguleringa av studenttingsmøta.

214 *§5-7 Valreglement*

215 Studenttinget skal ha eit valreglement, som skal utfylle reguleringa av val til Studenttinget og
216 val med Studenttinget som valforsamling.

217 *§5-8 Økonomireglement*

218 Studenttinget skal ha eit økonomireglement, som skal utfylle reguleringa av økonomistyringa
219 til Studenttinget.

220 *§5-9 Mandat for arbeidsutvalet i Studenttinget*

221 Studenttinget skal vedta eit mandat for arbeidsutvalet som beskriv ansvar, plikter og
222 fullmakter for både arbeidsutvalet og medlemane i utvalet.

223 *§5-10 Øvrige styringsdokument*

224 Studenttinget kan vedta øvrige mandat og dokument.

225 *§5-11 Generelle føresegner knytt til styringsdokument*

226 (1) Endring av vedtekter, valreglement, økonomireglement, forretningsorden og mandat for
227 arbeidsutval gjerast ved kvalifisert fleirtal i Studenttinget. Endringa trer i kraft etter at møtet
228 der endringa vert handsama er avslutta, med mindre Studenttinget med kvalifisert fleirtal
229 vedtek at endringa skal tre i kraft på eit anna tidspunkt.

230 (2) Varsling om handsaming av vedtekter, valreglement, økonomireglement, forretningsorden
231 og mandat for arbeidsutval skal meldast representantane i Studenttinget og relevante
232 studentorgan seinast fire veker før handsamande møte. Forslag til endringar må vere komne
233 til arbeidsutvalet seinast tre veker før det handsamande møtet. Arbeidsutvalet kan utarbeide
234 nye forslag heilt fram til forslaga skal sendast ut, med innstilling til Studenttinget ei veke før
235 det handsamande møtet.

236 (3) Arbeidsutvalet vert i samråd med minimum to medlemar av kontrollkomitéen gjeve fullmakt
237 til implementering av vedtekte endringar i vedtekter, valreglement, økonomireglement,
238 forretningsorden og mandat for arbeidsutval.

239 *Kapittel 6 - Øvrige føresegner*

240 *§6-1 Økonomi*

241 (1) Økonomien til Studenttinget skal vere regulert i eit budsjett, som handsamast for det
242 komande året innan 1. oktober. Budsjettet kan reviderast ved behov resten av året.

243 (2) Rekneskap for økonomien til Studenttinget skal reviderast gjennom billagsføring av
244 rekneskapsseksjonen ved Høgskulen på Vestlandet.

245 (3) Leiar av arbeidsutvalet og leiar sin avløyser har signaturrett. Kvart medlem i arbeidsutvalet
246 og organisasjonskonsulentar har prokura.

247 (4) Øvrige føresegner for budsjett og rekneskap regulerast i økonomireglement for
248 Studenttinget.

249 *§6-2 Val*

250 (1) Gjennomføring av val:

251 Val til Studenttinget og val der Studenttinget er valforsamling skal utførast i samsvar med
252 Valreglement for Studenttinget.

253 *§6-3 Teieplikt*

254 (1) Dersom ein i samanheng med sakshandsaming får kjennskap til nokon sine personlege
255 forhold eller forretningsforhold som er av konkurransemessig betydning pliktar ein å hindre
256 andre kjennskap til denne informasjonen.

257 (2) Teieplikta gjeld også ettertid, når ein ikkje lenger har tilknytning til Studenttinget. Dette gjeld
258 alle personar som deltek i Studenttinget sine sakshandsamingar.

259 §6-4 Habilitet

- 260 (1) Ein person skal ikkje delta i handsaminga eller avgjersla av spørsmål som har slik særskilt
261 betydning for eigen del, eller for nokon nærstående, at vedkomande må reknast for å ha
262 framtreddande personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Å stille til val der ein sjølv har
263 røysterett utløyser ikkje inhabilitet.
- 264 (2) Representanten avgjer sjølv om denne er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan bli
265 gjort utan vesentleg ulempe, eller representanten sjølv finn grunn til det, skal næraste
266 overordna avgjere habilitetsspørsmålet.
- 267 (3) I kollegiale organ treffast avgjerdsla av organet sjølv, utan at vedkommande representant
268 deltek. Dersom det i ein og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire
269 representantar, kan ingen av dei delta ved avgjerdsla av sin eigen eller ein anna representant
270 sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksdyktig i spørsmålet. I
271 sistnemnde tilfelle skal alle møtande representantar i organet delta. Habilitetsspørsmål kan
272 overprøvast av Studenttinget.

273 §6-5 Mistillit

- 274 (1) Studenttinget kan med kvalifisert fleirtal kalle tilbake personar valt av Studenttinget, ved å
275 vedta mistillit mot desse. Den som får vedteke mistillit mot seg fråtrer umiddelbart sitt verv.
- 276 (2) Mistillitssaker kan løftast av faste representantar og medlemar i arbeidsutvalet. Saka skal
277 opp til handsaming førstkomande ordinære møte, så framt det ikkje kallast inn til
278 ekstraordinært møte for å handsame saka. Arbeidsutvalet er saksansvarleg i saker, så framt
279 mistillitssaka ikkje omhandlar medlemar i arbeidsutvalet. I slike høve skal kontrollkomitéen
280 vere saksansvarleg.
- 281 (3) Mistillitssaker kan løftast under eit studenttingsmøte og handsamast med umiddelbar
282 verknad. Dette kan berre føreslåast av representantar og medlemar i arbeidsutvalet.